


# **STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL**

## **2013 - 2016**



**Vedteke av Hallingtinget 26.10.2012**



**REGIONRÅDET FOR  
HALLINGDAL**

## **Innholdsfortegnelse**

1.	INNLEIING .....	2
1.1	Kort om bakgrunn, gjeldande plan .....	2
1.2	Oppbygging av planen.....	3
2.	GENERELL DEL .....	3
2.1	Kort om regionen.....	3
3.	TAL, TRENDAR OG UTVIKLING .....	4
3.1	Innleiing .....	4
3.2	Folkestalsutvikling og alderssamansetjing.....	4
3.3	Flyttemønster, pendling.....	5
3.4	Utdanning .....	6
3.5	Næringsutvikling og næringsdynamikk .....	6
3.6	Lønnsemd .....	7
3.7	Regionstruktur .....	7
4.	KONKURRANSEFORTRINN OG UTFORDRINGAR FOR HALLINGDAL .....	8
4.1	Generelt.....	8
4.2	Konkurransefortrinn for Hallingdal .....	8
4.3	Hovudutfordringar for Hallingdal .....	9
4.4	Suksessrike distriktskommunar .....	10
5	FORHOLD TIL ANDRE PLANAR.....	10
6	STRATEGIAR FOR Å LYKKAST MED UTFORDRINGANE .....	11
6.1	Innleiing .....	11
6.2	Bukvalitet, bulyst, blilyst .....	11
7	MÅL OG SATSINGSOMRÅDE .....	12
7.1	Hovudmål .....	12
7.2	Satsingsområde .....	12

# 1. INNLEIING

## 1.1 Kort om bakgrunn, gjeldande plan

Regionrådet for Hallingdal sin fyrste strategiske plan vart vedteke av kommunane i slutten av 1997 og gjaldt for perioden 1998 – 2001. Det var mindre revideringar av denne planen og ny plan vart vedteke i 2006.

Hovudmål i gjeldande plan er at:

*"Hallingdal skal vera ein region med aukande verdiskaping og vekst både i innbyggjartal og i talet på arbeidsplassar. Regionen skal oppretthalde god balanse i alder og kjønnsfordeling. I Hallingdal skal det leggjast til rette for omstiling, nyskaping og kreativitet gjennom samhandling ved at regionen står samla, "innad som utad."*

For å nå desse hovudmåla er det sett opp delmål med forslag til strategiar:

Delmåla er lagt inn under følgjande innsatsområde eller tema:

- **Samhandling**
- **Kompetanse**
- **Innovasjon, næringsliv**
- **Infrastruktur**

Med bakgrunn Strategisk plan blir det utarbeida årlege handlingsprogram. Planen sin strategiske del har i hovudsak ligge fast for perioden.

Utgangspunktet for ein strategisk plan for Hallingdal er fleire:

- I vedtekten til Regionrådet § 8 står det at det skal utarbeidast plan med ein langsigktig mål- og strategidel og eit handlingsprogram. Dette har og synt seg og vera eit godt verktøy Regionrådet sitt arbeid.
- Regionrådet for Hallingdal og Buskerud fylkeskommune har inngått eigen partnarskapsavtale, noverande avtale gjeld ut 2012. Formålet er at denne avtala skal vera med å utvikle regionen i eit bærekraftig perspektiv, med utgangspunkt i regional planstrategi sine målsettingar. Avtala forpliktar partane gjensidig til å delta i utarbeiding av prioriterte planar og handlingsprogram og følgje opp prioriterte samarbeidsområde gjennom årlege gjennomføringsavtaler, konkrete tiltak/prosjekt samt finansiering av desse.

I tillegg kan det vera argument som:

- Dersom det regionale samarbeidet skal drivast planmessig og ut frå nokre prioriterte arbeidsområde er det nødvendig med eit meir langsigktig og strategisk dokument, eit felles fundament.
- Ein strategisk plan kan gje grunnlag for betre utnytting av ressursar.
- Eit plandokument kan vere med å ta vare på og utvikle næringslivet.
- Eit planarbeid kan gje ansvars- og rolleavklaringar, kan utløyse økonomiske verkemiddel og skape engasjement og forståing for regionalt samarbeid.

Strategisk plan for Hallingdal skal vera ein overordna regional plan. I begrepet strategisk ligg det at planen skal vera målretta og omfatte nokre utvalte innsatsområde.

Planen skal ta for seg sentrale utfordringar som regionen står overfor. Planen skal i fyrste rekke innehalde tiltak som har noko å seie for regionen og som må løysast regionalt, eller i samarbeid med kommunane, fylkeskommune, næringsliv eller andre instansar. Eit ankepunkt mot gjeldande plan er at den er for omfattande med for mange strategiar og tiltak.

## 1.2 Oppbygging av planen

Planen blir sett saman av to delar: strategisk del med definerte innsatsområde og mål og eit handlingsprogram som blir laga på bakgrunn av vidare handsaming i Hallingtinget.

Den strategiske del av planen beskriv ståstadelen for Hallingdal. Det blir gjeve ei vurdering av dagens situasjon med sterke sider, som me bør ta vare på og utvikle vidare og svakheiter som me eventuelt må kompensere for. I tillegg er det sagt noko om mål/ambisjonar og til slutt dei strategiar eller vegval som er foreslått frå dagens situasjon til målet.

Handlingsprogrammet skal beskrive konkrete prosjekt og tiltak, med tilhøyrande budsjett, finansieringsplan og gjennomføringsorganisasjon.

Planen sin strategiske del ligg i hovudsak fast for perioden 2012 – 2016, medan handlingsprogrammet skal rullerast årleg.

## 2. GENERELL DEL


### 2.1 Kort om regionen

Hallingdalsregionen er ein av regionane i Buskerud fylke. Kommunane Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål, og Hol utgjer regionen.

I 1837 var det tre kommunar i regionen, Nes, Gol og Ål. I perioden fram til 1905 vart Hol skilt ut frå Ål, Hemsedal frå Gol og Flå frå Nes. Dagali, som tidlegare høyrd til Uvdal, vart i 1944 ført over til Hol.

Regionen høyrer til dal- og fjellområda på Austlandet, med eit samla areal på 5840 km<sup>2</sup>. Om lag 70 % av arealet ligg meir enn 900 m.o.h., 26 % 1200 m og høgare, og berre om lag 10 % ligg lågare enn 600 m.o.h. Vel 19 % er produktiv skog, 2 % er jordbruksareal, resten er fjell og fjellvidder og 363 km<sup>2</sup> vatn.

Bergensbanen og Rv.7 går gjennom hovuddalføret. Frå Gol går Rv 52 gjennom Hemsedal til Sogn. Rv. 50 går frå Hol til Aurland. Frå Gol går Rv.51 til Valdres og Rv.40 går frå Geilo til Numedal.



KOMMUNE	FOLKETAL 1.7.2012	AREAL KM <sup>2</sup>
Flå	1 054	705
Nes	3 474	810
Gol	4 620	533
Hemsedal	2 212	753
Ål	4 754	1 172
Hol	4 456	1 867
<b>Sum</b>	<b>20 570</b>	<b>5 840</b>


### 3. TAL, TRENDAR OG UTVIKLING

#### 3.1 Innleiing

Tal og statistikk gir eit innblikk av nå situasjonen. Saman med hovudtendar i samfunnsutviklinga kan dette vere med å gje tankar om vegval for framtida.

#### 3.2 Folkestalsutvikling og alderssamsetjing

Kjenneteikna for befolkningsutviklinga i Hallingdal er stabil eller ein svak oppgang. Befolkningsauke på 500 i perioden 2003 – 2012 (2.kvartal), og ei auke på 886 i perioden 1987 – 2012 er positivt. Samanlikna med tilsvarende fjellregionar har Hallingdal hatt ei positiv utvikling.



Figur 1: Folketalsutvikling i nokre fjellregionar i Norge, 1987 - 2012

Utviklingspotensialet i ein region kan i mange tilfelle vera meir påverka av alderssamsetning enn av befolkningsauke. For Hallingdal har det vore ein nedgang på 1288 personar i aldersgruppa 0 -39 år, i perioden 1987 – 2012. Dette er ikkje ei spesiell utvikling for Hallingdal som distriktsregion, men det er ei utvikling som må takast på alvor.

Fleirtalet av distriktsregionane har høgt fødselsunderskot, også i nasjonal samanheng. Årsakene til dette er alders- og kjønnssamsetning som gjev låg naturleg vekstkrav. Flytterekneskapet for desse regionane er negativt. Dette saman med fødselsunderskot fører ein svak befolkningsdynamikk. Dette gjer at det mønsteret me ser i dag også vil halde fram i dei komande åra.

Det er viktig å understreke at i denne samanheng har ikkje Hallingdal alle dei trekka som er typiske for ein distriktsregion. Spørsmålet i denne samanheng vil vera kva Hallingdal som region kan gjera for å forsterke dei positive trekka og redusere dei negative.

### 3.3 Flyttemønster, pendling

I ti-års perioden 2002 – 2012 hadde Hallingdal ei netto innanlandsk utflytting på 1827. I denne perioden var det og eit fødselsunderskotet på 97. At Hallingdal har hatt ei befolkningsauke på 454 i denne perioden skuldast innvandring.


Pendling kan sjåast på som ei tilpassing til arbeidsmarknaden og er eit alternativ til flytting eller arbeidsløyse. I tillegg er det stadig fleire som vel å pendle fordi dei ynskjer å bu i eit bestemt område pga. prioriterte bukvalitetar, samstundes som ein ikkje finn arbeid som samsvarer med eigne jobbkrav i buregionen.

Det syner seg at distriktsregionar ofte har ein låg del som pendlar ut, dette gjeld også Hallingdal, der det er ca. 11% utpendling. På same måten har distriktsregionar låg innpendling, Hallingdal ca. 7%.

Ein av konklusjonane er at mange distriktsregionar i relativt liten grad er integrert i andre regionar. Dette vil med andre ord seie at desse regionane i stor grad må stole på eigne krefter i forhold til å få til utvikling (kan ikkje satse på busettingsbasert næringsutvikling). Hallingdal hadde i 2000 eigendekning i forhold til arbeidsplassar på 94,2 prosent, stigande til 95,6 prosent i 2011. Hallingdal beveger seg altså mot eigendekning.

#### Tal 2011

Sysselsette <sup>1</sup> personar busett i Hallingdal:	11101
Personar som pendlar inn i regionen:	746
Personer som pendlar ut av regionen:	1231
Sysselsette personar med arbeidsstad i regionen:	10616
Eigendekningsdel:	95,6%
Sysselsatte som arbeidar i Hallingdal:	89,1%




Figur 2: Pendling Hallingdal 2011

<sup>1</sup> Sysselsette er personar i alderen 15-74 år som utførte inntektskjedevane arbeid av minst ein times varighet i referanseveka

### 3.4 Utdanning

Distriktsregionane har generelt ein lågare del av befolkninga med høgare utdanning. Samanlikna med andre tilsvarende distriktsregionar ligg ikkje Hallingdal spesielt godt an. I Hallingdal hadde 16,6% av befolkninga høgare utdanning i 2011. På landsbasis var talet 29%. Studentar som er under utdanning ved universitet og høgskular i alderen 19 - 24 år, var for Hallingdal 29% i 2010, på landsbasis 31%.



Figur 3: Personar med høgare utdanning i Hallingdal, 1970 -2011

### 3.5 Næringsutvikling og næringsdynamikk

Arbeidsplassane og yrkesbefolkninga i ein region er hovudfundamentet for å sikre framtidig busetting, og for å skape verdiar som gir inntekter for kommunane. I ein slik samanheng er det derfor viktig å vurdere følgjande spørsmål:

- Korleis har talet på arbeidsplassar i Hallingdal utvikla seg?
- Korleis er nettopendlinga, dvs arbeidsplassar minus yrkesaktive busett i Hallingdal.
- Kor stor del utgjer arbeidsplassane i kommunal sektor samanlikna med samla tal på arbeidsplassar?
- Korleis er næringsstrukturen, korleis har den endra seg? Er den sårbar i forhold til framtidig utvikling?




Fig 4: Arbeidsplassindeks 2001 – 2011

Hovudkonklusjonane for Hallingdal er:

- Svak auke av arbeidsplassar, sjå fig.4.
- Sterk nedgang av sysselsette innan jord- og skogbruk; 2008 - 595, 2011 - 507.
- Svak nedgang innan industri; 2008 - 828, 2011 - 754
- Svak nedgang innan overnatting- og serveringsverksemd; 2008 - 970, 2011- 860
- Auke innan undervisning og helse- og sosialtenester; 2008 - 2537, 2011 - 2723

Denne utviklinga gjev ein nedgang av arbeidsplassar i privat næringsliv og ein auke innan offentleg sektor. I denne samanheng er det grunn til å peike på at Hallingdal har ein relativt stor del arbeidsplassar i privat næringsliv. I 2011 hadde Hallingdal 37,1% arbeidsplassar i privat næringsliv målt i forhold til samla befolkning. Av landets 82 økonomiske regionar låg her Hallingdal på niande-plass.

Arbeidsløysa i Hallingdal er og har vore låg både reelt og i forhold til resten av fylket. I Hallingdal har arbeidsløysa dei siste åra variert mellom 1- 2 %, medan den på landsbasis har vore ca. 3%.

### 3.6 Lønnsemnd

Eit lønsamt næringsliv er ein sentral føresetnad for å sikre ei positiv utvikling.

Når me bryt dette ned på økonomiske regionar ser me at Hallingdal ikkje kjem spesielt godt ut. Årsaka til dette er først og fremst at Hallingdal har ei stor primærnæring og turistnæring, der lønsemnda ikkje har vore stor dei siste åra. Med andre ord ei ekstra utfordring for Hallingdal.

### 3.7 Regionstruktur

Spørsmål om regional lokalisering - og eit eventuelt regionsenter - dukkar stadig opp i det interkommunale arbeidet. Når det gjeld lokaliseringsspørsmål har Hallingtinget tidlegare gjort vedtak om at det skal vera ei funksjonsfordeling mellom kommunane som skal byggje på følgjande prinsipp:

*Regionale samarbeidstiltak skal ha eit differensiert lokaliseringsmønster etter ei oppgåvefordeling mellom kommunane, basert på friviljuge og forpliktande samarbeidsavtalar. Funksjonsfordelinga må bygge på prinsippet om kompetanseutnytting og gi kommunane ei kjensle av – direkte eller indirekte – å ha nytte av samarbeidet. Dette gjeld både den einskilde kommune og Hallingdal som region.*

*Alle kommunane må vera viljuge til å ta sin del av kostnaden med fellestiltak, men alle må også akseptera at ei funksjonsfordeling aldri vil bli heilt ”rettferdig”.*

*Offentlege servicetiltak (statlege og fylkeskommunale) som har heile regionen som kundegrunnlag og som skal ha eitt hovudkontor i Hallingdal, bør i utgangspunktet lokaliseras til Gol som geografisk knutepunkt i dalen. Dersom ei kommune har eit spesielt utgangspunkt når det gjeld oppbygd kompetanse, bør framtidige statlege og fylkeskommunale distriktskontor vurderast lagt til vedkomande kommune.*

*Der det allereie er etablert offentlege servicetiltak i ein kommune, skal ein rå til at denne lokaliseringa blir oppretthalde.*

*Det viktigaste er at dei regionale statsetatane framleis får tilhald i Hallingdalsregionen.*

For ha ei best mogeleg fagleg tilnærming til eit utfordrande tema i det interkommunale samarbeidet bør det vurderast om det skal setjast i gang eit forskingsprosjekt der det m.a. blir analysert kvifor Hallingdal er annleis enn andre distriktsregionar og fordeler/ulemper med eit regionsenter generelt og konkret for Hallingdal. Dette bør og vera interessant for sentrale styresmakter å engasjere seg i.

## **4. KONKURRANSEFORTRINN OG UTFORDRINGAR FOR HALLINGDAL**

### **4.1 Generelt**

Hallingdal har som dei fleste regionar sterke sider som gjer eller kan utviklast til konkurransefortrinn. På same måte er det svake sider som kan vera ulemper og som gjev utfordringar. Regional utvikling handlar om å skape levedyktige og attraktive lokalsamfunn, kommunar og regionar der kvinner og menn i alle aldra og fasar av livet ynskjer å leva. Det må være arbeidsplassar, infrastruktur, skuletilbod, fritids- og kulturtilbod med variasjon, mangfald og god kvalitet slik at folk vel regionen, kommunen eller lokalsamfunnet som sin livsarena.

Tidlegare var det *stabilitet* og ikkje *mobilitet* som vart sett på som ein verdi og som la premissar for distriktpolitikken. I dagens samfunn er mobilitet ein verdi som blir sett høgt fordi det er eit teikn på individualitet og å vera uavhengig. Det handlar om mogelegheitene til å velje.

Mobilitet har vorte ein grunnleggande premiss og ei utfordring for distriktpolitikken. Distrikts- og regionalpolitikken har ikkje lenger som mål at folk skal slutte å flytte på seg. Den regionalpolitiske tenkinga har vore dominert av eit *produksjonsperspektiv*. I eit slikt perspektiv er det endringar i produksjonslivet som er rota til regionale problem og at flyttemønster i hovudsak blir styrt av tilgangen til arbeid. Ved å ta eit omvendt perspektiv, *livskvalitetsperspektivet* kan me tenke oss at næringslivet vil utvikle seg der folk vel å busetta seg, og at forhold som ikkje berre har med arbeidsmarknad, kan vera avgjerande for folk sitt flytteval. Dette bør også kunne samsvara godt for Hallingdal som ein av landets største reiselivsregionar.

### **4.2 Konkurransefortrinn for Hallingdal**

Konkurransefortrinn er t.d:

- Hallingidentitet - hallingkultur
- Ein arbeids-, bu-og serviceregion
- Gode bu-og oppvekstvilkår (levekårsundersøkingar)
- Stabil arbeidskraft
- God plass
- Levande bygder
- Kort avstand til Osloområdet/ Vestlandet, sentralt i Sør-Norge
- Hovudferdselsårer aust-vest
- Godt regionalt samarbeid
- Attraktive hytteområde
- Attraktiv natur

Fordi folk er forskjellige og har ulike preferansar for bukvalitet og karriere, har ein liten region som Hallingdal med eigenskapar som skil seg ut, mogelegheiter for å differensiere seg frå konkurrerande regionar. Hallingdal har moglegheit til å spesialisere seg rundt næringar og kompetanseområde, der regionen spesielle eigenskapar står sentralt.

### **4.3 Hovudutfordringar for Hallingdal**

I samfunnet er det auka konkurranse mellom regionar og byar for å tiltrekke seg og behalde fagfolk (kunnskapsarbeidarar). Globalisering fører til hardare lokaliseringskonkurranse mellom land og regionar. I denne samanhengen er det ofte dei som har sterke fagmiljø som vinn konkurransen. For å nå fram i ein slik konkurrancesituasjon må regionar dyrke det unike og det som gjer at dei når fram i konkurransen frå andre regionar. Det er ikkje berre ein nasjonal konkurrans, men marknadane og konkurransen blir stadig meir internasjonal. Samfunnsutviklinga i Norge og andre utvikla økonomiar er prega av fleire tunge trendar som kan oppsumerast slik:

- Urbanisering og sentralisering
- Internasjonal, nasjonal og regional lokaliseringskonkurranse
- Internasjonalisering og globalisering av marknadar og næringar
- Kunnskapsbasert og innovasjonsdriven næringsutvikling
- Individualisering og sjølvrealisering
- Digitalisering av produkt, tenester og kommunikasjonsformer

Urbanisering og sentralisering fører til at folk blir trekt mot store byar og at store institusjonar blir slått saman og blir samlokalisert. Internasjonalisering og globalisering fører til at marknadane blir større og rykker nærmare. Samtidig blir konkurransen hardare, ikkje berre i produktmarknadane, men også i konkurransen om å tiltrekke seg kompetanse, bedrifter og kapital. Sagt på ein annan måte leiar globalisering til stadig større lokaliseringskonkurranse.

I denne verkelegheita står Hallingdal overfor nokre utfordringar. Kvart år er det ein flyttestraum ut av Hallingdal, spesielt prega av unge menneske som flytter til byar som Oslo eller Bergen, for å studere. Dei fleste kjem ikkje attende. I siste 10-års periode 2002 – 2011, hadde Hallingdal ein netto innanlandsk utflytting på 1827. Dette kunne m.a. resultert i at Hallingdal hadde eit underskot på innbyggjarar i arbeidsdyktig alder, spesielt arbeidstakarar i 30- og 40-årsalderen. Her reddar innvandring Hallingdal, med 2218 personar i overskot for perioden 2002 – 2011.

Yrkesaktive i forhold til arbeidsplassar kan og vera eit viktig parameter. Hallingdal hadde i 2000 eigendekning på 94,2 prosent, stigande til 95,6 prosent i 2011. Dette er positivt for Hallingdal som i liten grad kan basere seg på å vera ein bustadregion. Utfordringa for Hallingdal er her å skapa ein meir variert arbeidsmarked, med nye type arbeidsplassar, som er attraktive og der bukvalitetane blir verdsatt.

Næringslivet i Hallingdal har lågare verdiskaping pr. tilsett, og lågare lønnsnivå, enn landsgjennomsnittet. Dette skuldast m.a. overrepresentasjon av næringar der produktivitet og lønnsnivå er lågt, og dels at produktiviteten er lågare enn landsgjennomsnittet innanfor fleire av næringane.

Utdanningsnivået i Hallingdal er lågt. Det skuldast at dei som ynskjer høgare utdanning reiser ut og kjem i liten grad attende. Dette har fleire årsaker, men relevant arbeid og fagmiljø er viktige føresetnadnar. Her er det ei utfordring å legge grunnlag for vekst inn i eit meir kunnskapsbasert samfunn.

Utfordringar i forhold til befolkning, næringsliv og kompetanse heng nøyne saman, og ved å løyse ein av dei, blir føresetnadane for å løyse dei andre styrka.

Strategisk plan for Hallingdal vil ta tak i desse utfordringane og har prøvd å setja fokus på omsyn til bulyt/blilyst, arbeidsmarked, kunnskapsmiljø og næringsliv.

Hallingdal sin attraktivitet som buområde og for næringslokalisering skal styrkast.

#### 4.4 Saksessrike distriktskommunar

Telemarksforsking har på oppdrag for Distriktsenteret gjennomført ei studie av 15 saksessrike distriktskommunar (TF-rapport nr. 303, 2012),

<http://www.telemarksforskning.no/publikasjoner/filer/2097.pdf>

For Hallingdal som distriktsregion og ved at Flå, Gol og Hemsedal er med i rapporten, gjer rapporten spesielt interessant.

Formålet med studien var å undersøke kva som gjer at nokre kommunar lykkast betre enn andre når det gjeld næringsutvikling og busetting. Svara er samansette og handlar om lokale forhold – og til ein viss grad tilfeldigheiter. Men det er og peikt på at fleire forhold som er felles for alle, eller eit fleirtal av dei femten kommunane. Og det er fellestrekk ved kommunane som kan forklare noko av suksessen som analysen fokuserar på.

Rapporten fokuserer på fire hovudfunn:

- **Stadleg kultur.** Stadleg suksess ser ut til å handle mykje om stadleg kultur, ein offensiv og optimistisk utviklingskultur.
- **Smådriftsfordeler.** Det er kort veg mellom idear og beslutningar, og desse korte avstandane blir nytta. Det er stor grad av kunnskapsdeling og tillitsbygging på tvers av fag- og sektorgrenser.
- **Eldsjeler.** Det blir peikt på enkelpersonar sin rolle for viktige tiltak, nyskapningsinitiativ eller nye vegval som er blitt teke i kommunane. Som oftest handlar det om enkelpersonar i næringslivet eller frå det sivile samfunnet, som gjennom det handlingsrommet dei har teke eller fått, er blitt opphav til ny utvikling.
- **Gripe mogelegheiter.** Kommunane som lykkast har nytta anledningar som er kome. På Enkelte grip høve – andre lar det drive forbi. Dei saksessrike kommunane i studien ser ut til å ha hatt eit særleg heldig grep med å ”fange mogelegheitene».

Rapporten ser og på antekne sanningar som det kan vera grunn til å revurdere. Det ser m.a. ikkje ut til at kommuneøkonomien er viktig som forklaringsfaktor for suksess.

Rapporten gir ikkje eintydige svar på kva som gjer at nokon kommunar/stader lykkast med sitt næringsliv og sin busetting. Men som det blir sagt: *«Det er, viser det seg, først og fremst det adferdsmønsteret som preger folkene som bor der, som avgjør. Folk skaper steder, ikke bare gjennom sitt antall, men også ved sine holdninger og handlinger.»* I samband med Strategisk plan for Hallingdal er det relevant å merke seg dei funn som er gjort.

### 5 FORHOLD TIL ANDRE PLANAR

Buskerud fylkeskommune har starta arbeidet med regional planstrategi for Buskerud 2013 – 2016. I høyringsutkastet er det m.a. foreslått følgjande regionale planar:

- Regional plan for kunnskapssamfunnet
- Regional areal- og transportstrategi
- Regional plan for næringsutvikling og verdiskaping

Dette er tema som støttar opp om Strategisk plan for Hallingdal.

Regionrådet for Hallingdal har eigen partnarskapsavtale med Buskerud fylkeskommune som event. skal fornyast i 2013. I denne samanheng er det sjølv sagt eit poeng at det er samsvar mellom satsingsområde fylkeskommunen vil prioritere og det Hallingdal prioritatar.

## 6 STRATEGIAR FOR Å LYKKAST MED UTFORDRINGANE

### 6.1 Innleiing

I arbeidet med Strategisk plan for Hallingdal er det nytta ein modell som er utvikla av firmaet Menon, ved Erik Jakobsen i forhold til det strategiske arbeidet.


Det er foreslått fire strategiar som kan bidra til å realisere målsettingane:

**Komponere:** For å lykkast må fire faktorar spela saman og forsterke kvarandre: bukvalitet/bulyst/blilyst, arbeidsmarknad, næringsliv og kunnskapsmiljø. Sagt på ein annen måte må dei fire faktorane komponerast slik at ein ikkje berre oppnår kritisk masse i enkeltfaktorar, men at dei forsterkar kvarandre på ein måte som skapar sjølvforsterkande vekst.

**Integrere:** Arbeidsmarknads-, kunnskaps- og næringsregionen bør bli større, blant anna gjennom ein meir effektiv infrastruktur, for å oppnå kritisk masse.


**Spesialisere:** Satsinga bør konsentrerast til eit avgrensa sett av næringsmiljø og/eller kompetanseområder der Hallingdal har ressursmessige føresetnadar, for å lykkast i å ta ein leiande posisjon.

**Samhandle:** For å kompensere for liten størrelse, bør synergiar mellom aktørane utnyttas gjennom samhandlingsprosesser.



### 6.2 Bukvalitet, bulyst, blilyst

Ut frå drøftingar i Hallingtinget og Regionrådet skal det i Strategisk plan fokuserast på dei fire faktorane: bukvalitet/bulyst/blilyst, arbeidsmarknad, næringsliv og kunnskapsmiljø. Hovudutfordringane er framtidig arbeidskraft og nye arbeidsplassar, der det blir ei spissing på bukvalitet/bulyst/blilyst. Dette set menneske i sentrum. Dette er også noko av bodskapet i Telemarksforsking sin rapport om suksessrike distriktskommunar. I tillegg samsvarar retninga svært godt med prosjektet Hallingdal 2020.



Satsinga vil også kunne samsvara godt med forslag til visjon for Buskerud i ny planstrategi: «Et bærekraftig og innovativt Buskerud som fremmer næringsutvikling og bolyst

## **7 MÅL OG SATSINGSOMRÅDE**

### **7.1 Hovudmål**

"Hallingdal skal vera ein region med aukande verdiskaping og vekst både i innbyggjartal og i talet på arbeidsplassar. Regionen skal oppretthalde god balanse i alder og kjønnsfordeling. I Hallingdal skal det leggjast til rette for omstiling, nyskaping og kreativitet gjennom samhandling ved at regionen står samla, "innad som utad."

For å spisse arbeidet er satsinga delt i tre kategoriar:

- A: Hovudsatsing
- B: Viktige utviklingsoppgåver i regionen
- C: Andre viktige oppgåver

### **7.2 Satsingsområde**

I mange samanhengar og i mange fora blir det drøfta og etterlyst felles strategiar og felles handlingar, for at Hallingdal skal møte framtida på best mogeleg måte. Dette er og tema som har vore sentrale i Strategisk plan for Hallingdal, og som Regionrådet for Hallingdal har høgt på dagsorden direkte og indirekte. Eit viktig tema har vore avklaringar og ynskje om ei sterke og tydelegare profilering av Hallingdal som region. Dette blir sett på som grunnleggjande for det arbeidet Hallingdal sjølv må gjera, for utvikling av eigen region. Strategisk plan for Hallingdal har m.a. som mål at kommunane i Hallingdal skal gjera kvarandre gode, med tiltak som m.a. går på vidareutvikle profilering/identitetsbygging.

Bakgrunnen for dette er m.a.:

- Felles bu- og arbeidsmarknadsregion
- Felles kultur/identitet
- Felles utfordringar
- Felles bodskap
- Kan tilby større variasjon, breidde
- Felles plan (Strategisk plan for Hallingdal)
- Meir slagkraftig
- Ei stadig sterke konkurranse på alle frontar
  - Kamp om arbeidskrafta
  - Kamp om arbeidsplassar
  - Kamp om innbyggjarane
- Ynskje om å vera tydelegare
- Ynskje om å bygge eit godt omdøme

Ut frå dette har Regionrådet for Hallingdal teke initiativ til eit større samla prosjekt med tittelen "Hallingdal 2020", der hovudmålsettinga er å styrke Hallingdal som ein attraktiv og bærekraftig bu- og arbeidsmarknadsregion.

Strategisk plan for Hallingdal har følgjande satsingsområde:

Hovudsatsing	Innatsområde	Merknad
Bukvalitet (bulyst/blilyst)	Hallingdal 2020	Eige prosjekt
Rekruttering	Hallingdal 2020	Eige prosjekt
Møteplassen mellom aust og vest	Hallingdal 2020	Eige prosjekt
Kommunikasjon	Ringeriksbanen Rv7/Rv52 Breiband	Arbeide for realisering av viktige vegprosjekt inkl. Vegpakke Hallingdal, Rv.52 Gol – Robru og Rv7 Hardangervidda. Arbeide for at Rv7/Rv52 får ein nødvendig standardheving både i forhold til vedlikehald og trafikktryggleik. Arbeide for utvikling av Bergensbanen og realisering av Ringeriksbanen.
<b>Viktige utviklingsoppgåver i Hallingdal</b>		
Kompetanse	Fjellfagskule	Eige prosjekt
	Norges Friluftshøgskole	Eige prosjekt
	Høgskuletilbod	Kartlegge behovet for desentralisert høgskuleutdanning. Koordinering og samarbeid.
	Reiseliv, opplevingar	Utvikling av opplæringstilbod gjennom auka samhandling mellom utdaningsinstitusjonar på høgskule og vgs. nivå og regionalt næringsliv.  Arbeide for styrka deltaking innan fag som relaterar seg til reiselivet
	Jakt, fiske, rovdyr	
	Fornybar energi og miljø (vannkraft, skog)	
Næringsutvikling	Utvikle næringsklynger, veksthus	
	Reiseliv, opplevingar	Støtte opp om felles reiselivsselskap for Hallingdal
Folkehelse	Lokalmedisinske Tenester i Hallingdal	Eige prosjekt. Eigen delrapport (4) Forebyggende tiltak / folkehelse

<b>Andre viktige oppgåver for Regionrådet</b>		
	Drive aktiv påverknad for å sikre regionen sine interesser i regionale og nasjonale spørsmål	
	Initiera og delta i dialogar med potensielle samarbeidspartnarar	
	Bidra til gode interkommunale løysingar for tenesteproduksjon	
	Forskningsprosjekt der det m.a. blir analysert kvifor Hallingdal er annleis enn andre distriktsregionar, og fordeler/ulemper med eit regionsenter generelt og konkret for Hallingdal.	

Med bakgrunn i politisk handsaming skal det lagast eit eige handlingsprogram som skal beskrive konkrete tiltak og prosjekt, med tilhøyrande budsjett, finansieringsplan og gjennomføringsorganisasjon.